

# Verdskafé

Gardermoen 4. februar 2020

| klokka  | aktivitet  |
|---------|--|
| 5 min.  | Danne frie grupper, men på rett storleik (kafébord på 4- -5 personar)<br>Individuelt: <ul style="list-style-type: none"><li>Tenk over kva du legg i omgrepet <b>djup læring</b>.</li></ul>   |
| 15 min. | A4-ark på kvart bord med spørsmålet:<br><b>Dagens lærarstudentar skal undervise etter den nye læreplanen som mellom anna legg vekt på djup læring. Kva legg du i omgrepet <u>djup læring</u>?</b><br>Alle saman der dei sit:<br><u>Kvar og ein</u> fortel kva dei legg i omgrepet ”djup læring” <ul style="list-style-type: none"><li>Fellestrekk og ulikskapar?</li></ul>   |
| 20 min. | Den med fødselsdag først blir sitjande att, medan resten av bordgruppa finn seg andre bord. Alle må gå finne seg ulike bord. Det nye bordet er <b>heimegruppa</b> .<br>Det blir lagt ut eitt flipoverark på kvart kafébord<br>Den med fødselsdag sist får rolla som vert/skrivar for gruppa<br>Alle skriv på flipoverarket etter behov<br>Oppgåve:<br><b>Kva konsekvensar kan/bør vektlegginga av djup læring ha for korleis du underviser studentane i ditt fag?</b><br>Diskuter i gruppa og kom fram til nokre punkt de meiner er viktige. |
| 15 min. | <b>Verten</b> sit att!<br>Dei andre går til kvar sine grupper <b>på besøk</b> for å høyre kva dei andre gruppene har kome fram til.<br>Verten leverer svara munnleg til gjestene, gjestene lyttar, noterer stikkord, stiller oppklarande spørsmål får å få med det vesentlege innhaldet tilbake til heimegruppa si. Ingen diskusjon og kva som er rett/feil.   |
| 20 min. | (Nye flipoverark på kvart bord)<br>Alle går til sine respektive heimegrupper.<br>Alle utvekslar så synspunkta i ein systematisk runde der kvar og ein av dei som har vore ute får ordet.<br>Gruppa diskuterer og held ev. nye innspel saman og systematiserer det endelege gruppesvaret på flipoverarket slik at det etterpå kan presenterast for alle andre på ein oversiktleg måte. Prioriter tre punkt som gruppa går saman om.   |
| 10 min. | Bruk saksene til å strimle opp flipoverarka med eitt hovudelement per strimmel.<br>Strimlane heng ein deretter på veggen etter kvart som gruppa er klar, slik at alle i lokalet kan gå rundt og lese innhaldet.<br>Når alle strimlane er opphengde og lesne, stiller alle seg i ein hestesko. Kvar og ein kan deretter flytte strimlane og samle dei i kategoriar i ein stille prosess.  |
| ?       | Alle finn tilbake til heimebordet sitt, startar på nytt i rad tre, men med ny oppgåve:<br><b>Kva endringar må til for at ein slik praksis skal vere gjeldande ved utdanningsinstitusjonen din?</b>   |